

TIME KOMMUNE

# TRYGG OG FRAMTIDSRETTA



Rettleiar til  
årsplan for  
barnehagar



Alle barnehagar er gjennom Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar pålagt å ha ein årsplan, jf. Rammeplan kap.7. Årsplanens innhald skal byggja på føringar frå Lovverk, Rammeplan, Strategiplan for oppvekst og kvalitetsplan for barnehagane i Time kommune.

Årsplanen skal presentera barnehagen, gje informasjon om barnehagens mål og korleis personalet skal arbeida med rammeplanen for komande år og i eit langtidsperspektiv. Planen skal vera eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet, og skal grunngje og dokumentera barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar. I tillegg vil årsplanen vera eit utgangspunkt for foreldra til å kunna påverka innhaldet i barnehagen.

Malen har som målsetting å seia noko om innhaldet i årsplanen. Den enkelte Barnehagen kan sjølv velje utforming, oppbygging og form. Men må ha eit langtidsperspektiv og konkretisera korleis ein skal arbeida komande barnehagenår.

Kontaktinformasjon og informasjon om telefon, mail, tilsette, heimeside mm bør ikkje ligga som ein del av årsplanen. Barnehagen kan vurdere å laga eige informasjons hefte eller ha dette tilgjengeleg på MyKid eller Vigilo eller andre informasjons plattformer som barnehagen nyttar.

Årsplan	
Langtidsplan	Korttidsplan
<b>Presentasjon av barnehagen</b> Fakta om barnehagen Kva karakteriserer barnehagen	
<b>Barnehagens formål</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Inkludering, likeverd og likestilling, korleis vert det jobba med dette i praksis?</li> <li>Individuell tilrettelegging vs gruppa</li> <li>Antisosial åtferd, førebygging (plan for å førebyggja mobbing)</li> <li>Markering av religiøse høgtider, merkedagar</li> </ul>	
Korleis arbeidar barnehagen med livsmestring og helse?	
<b>Barns medverking</b> (lovpålagt) <ul style="list-style-type: none"> <li>Medverking vs medbestemmelse</li> <li>Barns rett til aktiv deltaking i planlegging og vurdering</li> </ul> Korleis arbeider barnehagen med dette i praksis	Kva skal ein arbeida med det komande barnehageåret og på kva måte
<b>Danning- gjennom omsorg, leik og læring</b> (lovpålagt) Korleis jobbar de med dette i praksis, eksemplar, tilknyting, tryggleik, omsorg, psykisk helse og relasjonar. Vaksne som rollemodellar	Tilrettelegging av leik, korleis stimulere til leik, kva med dei som fell utanfor leik? Kva skal ein arbeida med det komande barnehageåret og på kva måte

<p><b>Barnehagens satsingsområder og overordna mål</b></p> <p><b>Kvalitetsplan for barnehagane 2017/2022 Trygg og framtidssretta</b></p> <p>Leik og læring Språk og fleirkulturelt mangfald Tidlig innsats Barnehagen i informasjonssamfunnet Leiing og samarbeid</p> <p>Andre lokale satsingsområde /program/prosjekt som eigar/kommune har (eks innovasjon og trafikksikker kommune)</p>	<p><b>Kva for satsingsområde har barnehagen og kvifor Korleis skal ein nå måla /tiltak</b></p> <p>Kva av områda skal ein arbeida med det komande barnehageåret og på kva måte?</p> <p>Kva av områda skal ein arbeida med det komande barnehageåret og på kva måte?</p>
<p><b>Planlegging, dokumentasjon og vurdering</b></p> <p>(lovpålagt) Det bør leggjast til rette for brei medverking frå barn, foreldre, barnehagens personale og eigar. Barnehagen skal arbeida som ein lærande organisasjon og arbeida med barnehagebasert kompetanse utvikling. Ein må beskriva noko om korleis ein gjer dette på eit overordna nivå og kva ein skal gjera i det komande året.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planlegging, kven er med på kva?</li> <li>• Plan for evaluering og vurdering. Hensikt, kva, korleis, kven, når, ansvar (<i>lovpålagt</i>)</li> <li>• Dokumentasjon, korleis dokumenterer barnehagen, kva vert dokumentert? (<i>lovpålagt</i>)</li> <li>• Lokale planverk, halvårleg, månadsplan, vekeplan, korleis vert planar brukt og kommunisert?</li> </ul>	<p>Koreleis arbeider ein for å sikra at barnehagen jobbar som ein lærande organisasjon og med barnehagebasert kompetanse utvikling i det komande året</p> <p>Kva av områda skal ein arbeida med det komande barnehageåret og på kva måte?</p>
<p><b>Fagområda</b>(lovpålagt)</p> <p>Korleis ein arbeidar med progresjon og sikrar bruk av varierte arbeidsmåtar på eit overordna nivå. Sjølvre progresjonsplanen kan ligga utanfor Årsplanen må da visas til dette dokument.</p>	<p>Kva av områda skal ein arbeida med det komande barnehageåret og på kva måte?</p> <p>Planverk skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Det må seiar noko om korleis dette blir gjort og kva planar barnehagen har for lengre og kortare periodar ( eks veke/månedplan eller halvårsplanar)</p> <p>Barnehagen må ha plan for språkarbeid og det systematiske arbeidet kring sosial kompetanse.</p>
<p><b>Tieplikt og meldeplikt</b> (lovpålagt)</p> <p>Informasjon og opplæring Rutinar som sikrar at alle tilsette har kjennskap til dette</p>	<p>Korleis arbeide med dette for inneverande år</p>
<p><b>Samarbeid mellom heimen og barnehagen</b></p> <p>(lovpålagt)</p> <p>Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart barn , og på gruppennivå.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldreråd/Samarbeidsutval</li> <li>• Samtaler</li> <li>• Foreldremøter</li> <li>• Brukarundersøking</li> </ul>	<p>Korleis skal arbeida det komande barnehageåret og på kva måte?</p>

<b>Samarbeid med andre</b> For å kunna gje eit mest mogleg heilskapleg tilbod til barn og foreldre må barnehagen samarbeida med andre tenester, institusjonar og hjelpeinstansar. Tverrfaglegheit og heilskapleg tenking må stå sentralt i arbeidet. Jf. Rammeplan kap.5 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ressursteam (helsestasjon og barnevern)</li> <li>• PPT</li> <li>• Andre barnehagar</li> <li>• Uis, studentbarnehage</li> <li>• Andre</li> </ul>	Korleis skal arbeida det komande barnehageåret og på kva måte?
<b>Overgangar</b> Overgangsarbeid ( <i>lovpålagt</i> ) vis til felles plan i kommunen. Barnehagen må visa korleis ein arbeidar med dette området eks: Når barnet begynner i barnehage og interne overgang i barnehagen	Korleis skal arbeida det komande barnehageåret og på kva måte?

### Årshjul ( Kan leggas inn under planlegging, dokumentasjon og vurdering)

- Pedagogisk årshjul
- Administrativt årshjul – ut av årsplanen ( eige arbeids dok)

### Prosess for utarbeiding av plan

